

Sunnfjord Energi AS  
Postboks 123  
Firdavegen 5  
6801 FØRDE

Dykker ref

Vår ref

Dato

17/1878-

20. september 2018

## Rørvika kraftverk i Askvoll kommune i Sogn og Fjordane - klagesak

Rørvik Kraftverk SUS har i brev av 29.06.2016 klaga på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 08.06.2016 på søknaden om bygging av Rørvika kraftverk. Klagar har gitt ei utdjupa grunngjeving med oppdatert arealbruksplan i brev av 22.07.2016.

NVE har vurdert klaga utan å finne grunn til å gjøre om sitt vedtak, og har sendt over saka til departementet i brev av 19.10.2017.

### 1. Bakgrunn

Rørvik Kraftverk SUS søkte 31.10.2014 om løyve til å bygge Rørvika kraftverk.

Rørvika kraftverk vil nytte eit fall på 227 m frå inntaka på kote 230 i Storelva og Stølselva ned til kraftstasjonen på kote 3. Kraftverket ha ei maksimal slukeevne på 1,0 m<sup>3</sup>/s, som utgjer 179 % av middelvassføringa. Installert effekt vil bli 1,93 MW som vil gi ein årleg produksjon på 6,2 GWh. Det skal etter planen sleppast ei minstevassføring på 112 l/s i perioden frå 1. mai til 30. september og 30 l/s resten av året.

NVE har kunngjort søknaden og sendt den på høyring. **Askvoll kommune** er positiv til utbygging, men har merknader knytt til inngrep og minstevassføring. **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane** rår frå at det blir gitt konsesjon, grunngjeve med omsynet til landskap, friluftsliv og sjøaure. **Sogn og Fjordane fylkeskommune** er positiv til utbygging, men har nokre merknader til vilkår. **Sogn og Fjordane Turlag** og **Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane** er imot at det blir gjeve konsesjon på grunn av konsekvensane for landskap, friluftsliv og sjøaure. **SFE Nett** peiker på at kapasiteten i nettet må aukast før m.a. Rørvika kraftverk kan knyte seg til. **Statens vegvesen** har ingen merknader til saken

## **2. NVE sitt vedtak**

NVE har samanfatta si vurdering av saka som følgjer i "KSK-notat 51/2016 Bakgrunn for vedtak Rørvika kraftverk":

*"Rørvika kraftverk vil produsere 6,2 GWh i et gjennomsnittlig år og ha en utbyggingskostnad på 3,74 kr/kWh (2015), som er lavere enn gjennomsnittet for konsesjonssøknader de siste årene. I vedtaket har NVE lagt vekt på at en utbygging av Rørvika kraftverk vil medføre store terrenginngrep i øvre del av tiltaksområdet og mot inntaket i Storelva ved etablering av vannvei, veier, deponi og massetak. NVE mener kraftproduksjonen på 6,2 GWh/år ikke kan forsvare de store irreversible terrenginngrepene og ulempene for landskap, friluftsliv og sjøørret. NVE kan ikke se at det finnes realistiske avbøtende tiltak som vil redusere ulempene i tilstrekkelig grad."*

## **3. Klaga**

Rørvik Kraftverk SUS har klaga på NVE sitt avslag på søknaden om Rørvika kraftverk. Klagar tar NVE sitt avslag til etterretning, og meiner at NVE si grunngjeving for avslaget blir imøtekommot i ny arealbruksplan.

Departementet siterer her heile klaga frå Rørvik Kraftverk SUS:

*«Viser til NVE sitt brev av 8. juni 2016 der det blir gitt avslag på søknad om konsesjon til bygging av Rørvik kraftverk.*

*Avslaget er slik vi ser det hovudsakeleg begrunna med at tiltaket medfører store naturinngrep. Sjølv om vi ikkje nødvendigvis er einig i alle høyringsuttalene, tek vi dette til etterretning. Tiltaket var i konsesjonssøknaden planlagt med veg til begge inntaka. På sluttsynfaringa gjorde vi det klart at det var viktigare for oss å få ein konsesjon enn at vi fekk løyve til å bygge permanente vegar. Dette meiner vi kunne vare teke med i NVE si vurdering av konsesjonssøknaden. Vi ynskjer ein moglegheit til å vurdere arealbruken på nytt, der vi mellom anna tek vekk alle permanente vegar og heller bygger ein køyresterk, jordslått veg for ATV el. opp til begge inntaka.*

*Når det gjeld plassering av inntaka så finn vi det vanskeleg å gjere endringar på dette, då vi har to likestilte inntak som medfører at endring av plassering av det eine inntaketet medfører endring av plassering av det andre inntaketet også. Dersom vi skal lengre ned med inntaket vil prosjektet gje mindre produksjon og dermed bli mindre lønnsamt. I bakgrunn for vedtak skriv sakhandsamar følgjande: Inntakspllasseringen i Storelva er planlagt på et bratt og hurtigstrømmende parti, noe som vil kreve en del sprengningsarbeid for å få dannet en inntaksdam hvor vannet er tilstrekkelig rolig. Det er fint mulig å etablere inntak i Storelva utan å sprengje mykje i bakkant av dammen. Ved å etablere inntakskonstruksjonen eit stykke vest for elveløpet sikrar vi i tilstrekkelig grad eit rolig innløp til vassvegen. Terrenginngrepa i inntaket vil etter vårt syn ikkje bli noko større enn det som er vanleg for slike små inntakskonstruksjonar.*

*Det er ikkje så mykje vi kan foreslå av endringar av trase for vannvegen då vi uansett må gjennom eit parti med mykje sprenging. Vi forstår det slik at det er området rundt knausen*

*der Storelva deler seg, ved knausen som vert kalla «Høystakken», som er det mest kontroversielle partiet i røytraseen. Det vart peika på at masseuttak og deponi i terrenget ville gje store synlege inngrep. Det er imidlertid ikkje snakk om verken stort masseuttak eller stort deponi, det var innteikna på arealbruksplankartet for å tydeleggjere at det i dette området er behov for ein viss massetransport der vi flyttar nokre av massane frå toppen av hammaren og nedover i traseen for å jamne ut røytraseen noko. Det er ikkje snakk om å fylle ut store deler av terrenget nedstrøms Høystakken, det er kun snakk om å legge tilstrekkeleg med massar til å etablere ei sikker røyrgate med tilstrekkelige omfyllingsmasser utan å etablere kunstige fyllingar. I ettertid vedgår vi at spesielt «massedeponiet» sannsynlegvis er teikna større enn det treng å vere og kan gje eit uriktig bilde av terrenginngrepet ved utbygginga. Ved ein eventuell utvida klagefrist vil vi legge fram forslag til reduserte inngrep i både vegtrase og røytrase. Vi meiner at med veiledning frå ein landskapsarkitekt på det krevjande partiet rundt Høystakken vil det vere mogleg å bygge ut Rørvik kraftverk utan at det vert store irreversible inngrep i naturen.*

*Vi vil med dette be om ein utsetting av frist til 22. juli til å presenter ein ny arealbruksplan med mindre naturinngrep i forhold til omsøkt i konsesjonssøknaden.*

*Vidare håpar vi at nye opplysningar i saka der vi legg større vekt på ei skånsom utbygging kan føre til at Olje- og energidepartementet vil omgjere vedtaket og gi Rørvik Kraftverk SUS konsesjon til bygging av Rørvik kraftverk i eit elles ressurssvakt område.»*

I oppdatert arealbruksplan av 22.07.2016 legg Rørvik Kraftverk SUS opp til at inntaka skal byggast utan permanente vegar, samt at massetak og massedeponi er fjerna.

#### **4. Departementet sine merknader**

Løyve til Rørvika kraftverk kan bli gjeve om "fordelene overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser", jf. vassressurslova § 25, første ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagar som er naudsynte for å grunngje avgjerd. Departementet kan også ta omsyn til andre forhold som ikkje er tatt opp av klagaren.

#### Samfunnsnytte og prissette verknader

Rørvika kraftverk kan i gjennomsnitt produsere om lag 6,2 GWh. Vinterproduksjonen utgjer om lag 48 %. Byggekostnadane er berekna til 24,3 mill. kr. justert til kostnadsnivå 2017, som gir ein spesifikk utbyggingspris på 3,92 kr/kWh.

I samband med høyringa av "Småkraftpakke Askvoll-Førde", blei nettsituasjonen i området vurdert av SFE Nett, som meinte at utbygging av ny produksjon i området kunne føre til behov for større tiltak i nettet, avhengig av kva tiltak som fekk konsesjon og kom til realisering. Departementet tok derfor kontakt med SFE Nett i samband med behandlinga av klagan på Rørvika kraftverk.

SFE Nett har estimert nødvendige nettkostnader for Rørvika kraftverk til om lag 1,3 mill. kr. Byggekostnadane blir då 25,6 mill. kr, som gir ein spesifikk utbyggingspris på 4,13 kr/kWh.

Departementet har rekna på noverdien av prosjektet basert på søkjar sine opplysningar om investeringskostnadane, forventa driftskostnadene, produksjon og elsertifikatpris, samt eit utfallsrom for kraftprisen slik NVE har modellert denne fram mot 2030 (høg/lav/basis).

Departementet finn at prosjektet har positiv noverdi om ein legg NVE si basis- og høgprisbane til grunn. Departementet vil peike på at det er stor uvisse knytt til kraftprisutviklinga fram i tid.

Noverdien av prosjektet inngår i departementet si vurdering av prosjektet sine samla fordeler og ulempar. Departementet vil understreke at dei samla verknadene av tiltaket ikkje er avgrensa til dei som ein kan fastsetje prisen på. Tiltaket vil også ha verknader på mellom anna på natur, areal og brukarinteresse. Departementet ser også på desse, og tar stilling til om tiltaket samla sett kan vurderast som samfunnsøkonomisk lønnsamt, gitt uvissa i dei prissette verknadane.

#### Landskap og friluftsliv

NVE har i grunngjevinga for avslaget i KSK-notat 51/2016 lagt vesentleg vekt på at tiltaket vil innebere store terrenginngrep. Dette gjeld særleg, men ikkje berre, i midtre del av rørtraseen og vidare opp til og med inntaket i Storelva. Inngrepa vil vere godt synlege frå ein sti som går frå Rørvika opp til fjelltoppen Blægja. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har alle peika på desse ulempene ved Rørvika kraftverk.

Klagar har i klagen justert utbyggingsplanane noko, m.a. skal det ikkje byggjast permanente vegar. Klagar har også presisert at det ikkje skal etablerast massedeponi i samband med utbygginga, men at det vil skje flytting av masser frå Høgehammaren som skal brukast til å dekke over røyra lenger ned.

NVE har i si vurdering av klagen understreka at avslaget i stor grad er grunngjeve med dei ulempa for landskap og friluftsliv som følgjer av etablering av rørgate og anleggsveg i seg sjølv, og at dette vil vere irreversible inngrep. Klagar si justering av arealbruksplanane vil ikkje bøte på dette.

Departementet slutter seg til NVE si vurdering av konsekvensane som Rørvika kraftverk vil ha for landskap og friluftsliv i avslaget på søknaden og i handsaminga av klagen.

#### Akvatisk miljø

Både Støyelselva og begge sideelvene i Storelva har oppgang av sjøaure. Samla anadrom strekning er om lag 515 m. Nedanfor dei absolutte vandringshindra er det fleire hindre som avgrensar oppvandringa på låge vassføringar. Elvene har ikkje stadeigne stammar av sjøaure, men bidreg til den totale sjøaureproduksjonen i fjordsystemet.

Ei utbygging av Rørvika kraftverk vil avgrense oppvandringa av sjøaure då det vil vere kortare periodar med høg vassføring. Dette går fram av biomangfaldrapporten i søknaden, og Fylkesmannen sluttar seg til denne vurderinga.

Det er NVE sitt syn at konsekvensane for sjøaure ikke er avgjerande for konsesjonsspørsmålet, men at ulempene for sjøaure inngår i ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulepper av Rørvika kraftverk. Departementet er samd i NVE si vurdering.

#### Oppsummering

Rørvika kraftverk vil årleg kunne bidra med om lag 6,2 GWh fornybar energi. Tiltaket vil kunne gi varige inntekter til søker, grunneigarane og kommunen, samt positive ringverknader lokalt.

Rørvika kraftverk vil etter departementet sitt syn ha for store negative konsekvensar for landskap og friluftsliv, og i nokon grad for sjøaure, sett opp mot tilgangen på ny, uregulert og avgrensa energiproduksjon.

Etter ei heilskapleg vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved bygging av Rørvika kraftverk er mindre enn skadane og ulempa for allmenne og private interesser. Vilkåret for å gje konsesjon er soleis ikkje oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

#### **5. Departementet sitt vedtak**

Klaga frå Rørvik Kraftverk SUS blir ikkje tatt til følgje. Departementet opprettheld NVE sitt avslag til løyve på søknaden om Rørvika kraftverk.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, første punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)  
avdelingsdirektør

Steinar Pettersen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar*

Kopi

Askvoll kommune  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Norges vassdrags- og energidirektorat  
SFE Nett AS